

Seterbrukaren

SKRIFT FRÅ NORSK SETERKULTUR

NR. 3/4 – NOVEMBER 2003 – 6. ÅRGANG



INNHOLD:

- Side 2 **Vil regionale prioriteringar oppfylle nasjonale mål?**
- Side 3 **Stølsdrifta er eit verdival**
- Side 4 **Geita under lupen igjen**
- Side 5 **211 setre nedlagt sidan i fjar**
- Side 6/7 **Stølskonferansen på Beitostølen**
- Side 8 **Miljøvernministeren til støls**
- Side 9 **Seterprisen 2003**
- Side 10 **Fire månader på stølen**
- Side 13 **Fylkesmannen opna seterysteri**
- Side 14 **Den beste garantisten for biologisk mangfold**
- Side 15 **Setertreff i Budalen**

Seterbrukaren

kjem i ein litt meir omfattande utgåve denne gongen, som dobbelnummer – med 16 sider mot vanleg 8 sider. Grunnen er at produksjonen av nr. 3 vart sterkt forsenka på grunn av tekniske og praktiske årsaker, og difor bestemte vi oss for å slå saman nr. 3 og 4. Vi beklagar at oktoberutgåva såleis fall ut, men håpar denne utgåva av skrifet fell i smak.

Neste blad

er planlagt utgjeve i mars 2004 med frist for stoff 20. februar.

Årsmøtet 2004

med fag- seminar blir i Nord-Østerdalen – truleg helga 20.-21. mars. Det er på tide NSK legg årsmøtet sitt til denne delen av seterlandet, og vi gjennomfører seminaret i samarbeid med det seterprosjektet for Nord-Østerdalen som no er i startfasen. Så til alle som har lyst til å møte andre seterbrukarar – og andre seterinteresserte – kan vi berre oppmøde om å sette av denne helga! Vi kjem sjølv sagt med innkalling og meir informasjon i neste Seterbrukaren og på heimesida utpå nyåret.

Styret:

Leiar:

Jostein Sande, 6214 Norddal.
Tlf 70259108. jossande@online.no

Kjersti Reksten Sole,
2685 Garmo Tlf. 61 21 25 50
georgsol@frisurf.no

Sissel Lie, Skrenten, Øystre Slidre.
2950 Skammestein
Tlf. 61 34 12 45

Odd Arne Espeland, Jondal
5627 Jondal
Tlf. 53 66 84 80 Faks 53 66 82 55

Gjermund Stormoen.
TINE BA. Tlf 22938800.
gjermund.stormoen@tine.no

Utgjevar:

Norsk Seterkultur, 6214 Norddal

telefon 70 25 91 77
telefaks 70 25 91 57
E-post: seter@seterkultur.no
www.seterkultur.no
Bankgiro: 2357 20 51169
Redaktør: Jostein Sande
Førtrykk: Stordfjord Bladlag AS
Trykk: NordvestTrykk

Framsidefoto:

Else Marie Myrvold.

Vil regionale prioriteringar oppfylle nasjonale mål?

Norge skal bli et ledende land når det gjelder setring, sa statssekretær Leif Helge Kongshaug i foredraget sitt på stølskonferansen på Beitostølen i september, og dermed signaliserte han at dei sentrale styresmaktene har ambisjonar på dette feltet. Mange tolka det nok som støtte til tanken om å gi det norske stølslandskapet ein særskilt status i europeisk samanheng. Og håpet vart tent om at slike nasjonale ambisjonar i eit internasjonalt perspektiv også skulle munne ut i offensive tiltak på verkemiddelsida. Men da ordførarar med brennande engasjement for stølsdrift la fram eit forslag til uttale som konkluderte med eit krav om meir pengar til denne driftsforma, dvs eit auka setertilskot, var reaksjonen frå regjeringa sin representant på konferansen heller negativ.

Setertilskotet i si noverande form, som nasjonalt verkemiddel, er nok ei tapt sak. No skal desse midlane gå inn i dei regionale miljøprogramma – og mange seterbrukarar ottast for at pengane kan bli prioritert til andre føremål, som ofte skjer ved slike omleggingar. Vi har ei kjensle av at omlegginga, som skal gjelde frå 2005, er meir ideologisk tufta, enn basert på praktiske og målretta grunngjevingar – og vi er redde for at det blir mykje byråkrati før seterbruket får tilsvarende økonomisk støtte som i dag.



Sjøl med omfattande avvikling av seterdrift siste åra viser statistikken at 10 prosent av mjølkprodusentane i Noreg driv ei eller anna form for setring. At seterdrifta betyr så mykje for den totale mjølkproduksjonen, og at vi finn setre i full drift i mest alle fylke, i fjordbygder og fjellbygder, det er det som gjer norsk stølsdrift heilt unik! Seterdrifta er ein integrert del av mjølkproduksjonen, hjørnestenen i landbruket vårt. Setertilskotet avgjer sjølsagt ikkje framtidia for seterdrifta. Men det er ingen tvil om at desse kronene har vore ein viktig stimulans for mange, ein motivasjon til å halde fram, til å ta opp att drifta – og til å utvikle ytterlegare verdiskaping på stølen i tillegg til det å vera del av ein kostandseffektiv og berekraftig matproduksjon. Vi må ha meir fokus på næring enn på tilskot, blir det sagt. Sjølsagt har vi det – det har vi alltid hatt! Setertilskotet handlar ikkje om store pengar, 20 millionar totalt, men det har vore eit konkret handslag til ei verdifull driftsform, ein motivasjon til å drive vidare – og gjerne utvikle ytterlegare verdiskaping med grunnlag i setra.

Vi meiner framleis at ein logisk konsekvens av dei ambisjonane Kongshaug ga uttrykk for på Beitostølen burde vera at ein vidareførte setertilskotet som eit nasjonalt, landsomfattande, verkemiddel. Vi er redde for at dei nasjonale måla på dette området ikkje vil bli følgjt opp regionalt og lokalt, og dermed kan dei signala Kongshaug kom med under stølskonferansen lett ende berre som gode ønske.

Jostein

Styremøte i Norsk seterkultur

Torsdag 20. november var det styremøte i Norsk seterkultur. Styret hadde ein gjennomgang av verksamda sidan årsmøtet, evaluerte stølskonferansen som NSK var med på å arrangere i september, drøfta kva organisasjonen kan gjera i samband med at viktige tilskotsordninga no skal overførast til kommunane og fylka. Regionaliseringa stiller ein landsomfattande organisasjon som NSK overfor nye utfordringar, men styret er innstilt på å arbeide på mange plan for å sikre seterdrifta sin plass innafor dei verkemidla som no skal forvaltas regionalt. Samstundes vil ein halde fram arbeidet overfor sentrale styremakter, i første rekke landbruksdepartementet og miljøverndepartementet. Styret skal ha nytta møte i slutten av januar.

Stølsdrifta er eit verdival

Vi fekk så fint eit biletet sendande - av nyfødd kalv i blomsterengen på setra Lien i Øystre Slidre i Valdres. Og vi måtte berre ta ein prat med avsendaren, Else Marie Myrvold, om seterdrifta på Lien - og mangt anna. - Kalven vart fødd 9. juli - og namnet vart Stølsrosa.

Else Marie fortel at ti bruk var på denne stølen i sommar. Det var mange fleire før, men framleis er det eit aktivt og positivt stølsmiljø på Lien, fint for både folk og dyr.

"Stressjordbruk", seier Else Marie, når vi spør nærmere om drifta. Da tenkjer ho på kombinasjonsdrifta - ho arbeider i bank på Fagernes og mannen, Oddgeir Melbybråten, driv Helle slakteri. Men samstundes er også gardsdrifta, og ikkje minst stølsdrifta eit "verdival". Garden deira heiter Myrvold og ligg i

Rogne. Foreldra til Else Marie hadde sett både garden og setra i svært god stand, men dei gjekk båe tidleg bort. Derved var det slutt på mjølkeproduksjonen for ei tid, men for åtte år sidan bestemte Else Marie og Oddgeir seg for å ta i bruk mjølkekvoten att. Når Else Marie talar om verdival, nemner ho ungane sine opplevelingar og tilknyting til stølen. Dei to eldste, no 21 og 17, hadde vore med mormor og morfar på stølen - medan den yngste, som no er 12 år gammal, ikkje hadde fått oppleva dette. Ungane stortrivst på stølen, og vi ynskjer dei skal få med seg desse verdiane - dei same som eg sjølv har fått. Stølen byr på verdiar som ikkje kan målast i pengar, verdiar som det blir stadig mindre av. Såleis er det verkeleg

verdt å kjempe for denne driftsforma, også med tanke på at det kan danne grunnlag for ny verksemد innan småskala foredling og reiseliv, seier Else Marie.

Buskapen i sommar omfatta ti kyr, to kviger, fem kalvar, eitt kopplam, ein minigris, ein katt og to kanner - og dei fekk nytte livet på stølen frå månadsskiftet juni-juli til ei veke ut i september. Garden har om lag 100 dekar innmark. Noko av innmarka ligg på stølen, der dei og har eit innjerda nattbeite for kyrne. Fjøset har mjølestall midt etter bygninga, kyrne går inn eine enden og kjem ut på den andre. Og kyrne våre har vore veldig kjekke å ha med å gjera siste åra, fortel Else Marie.

I sommar hadde dei ny bjølleku. Ein dag kom ho heim åleine. - Eg tala med ho, spurde kvar dei andre var, og dermed snudde ho - gjekk attom ein haug - og snart dukka ho

oppatt, følgd av dei andre kyrne på rekke og rad, fortel Else Marie, som elles er redd for gjengroinga i dette stølsmiljøet. Landskapet som var ope for 10-15 år sidan er i ferd med å få stor skog! Beitebruken er redusert, geita er borte, mindre beiting generelt. No trengst det rett og slett at det blir hogd, men stølsmiljøet er forundra over kor restriktiv Statsskog er i så måte. Lien ligg i statsalmenning.



Gode venner.



Frå setra Lien i Øystre Slidre.



Kalv og minigris nyter seterlivet.

Geita under lupen igjen


I sluttprotokollen fra Jordbruksoppgjøret 2003 ble partene enige om å utrede situasjonen for geitholdet med tanke på virkemiddelbruken, både i områder der geitmelka får industriell anvendelse og de områdene der avstanden til meieri er blitt for stor. I protokollen leser vi at ”partene er enige om at geitholdet står overfor store utfordringer knyttet til svekkede produsentmiljøer og geografisk lokalisering av produksjonen i forhold til anlegg for industriell bearbeiding. Partene viser til Statens landbruksforvaltnings evaluering av kvoteordningen for geitmelk, og er med bakgrunn i dette enige om å fjerne kravet om normal helårsproduksjon for geitemelkprodusenter. – Videre er partene enige om at det innen 15.2. 2004 skal utarbeides et forslag til områder hvor det er formålstjenlig å prioritere virkemiddelbruken innen, for å styrke geitemelkproduksjonen basert på industriell bearbeiding av melken I disse områdene må en sikre at produsert melk får industriell anvendelse også framover. TINE vil som markedsregulator med mottaksplikt for melk ha en sentral rolle i dette arbeidet. Videre skal det gjennomføres analyse og vurdering av ulike tiltak som kan øke tilpasningsmuligheten i geitholdet innenfor disse områdene. – For områder uten anlegg for industriell bearbeiding av geitmelk skal det utredes selektive og målrettede virkemidler, som sammen med virkemidler for ammegeit og den nye ordningen for lokal foredling framstår som et fullgodt alternativ for geitmelkprodusenter i disse områdene. Forslag til tiltak følges opp i jordbruksforhandlingene 2004.”

Svært mange geitbuskaper blir ført til støls, det gjelder særlig i fjellbygdene i Hedmark og Oppland, og her er geita også viktig for kulturlandskapet. Her er dessverre geitholdet utsatt. Det er å håpe at geita sin



betydning i forhold til seterdrift, kulturlandskap, biologisk mangfold m.m. blir tillagt vekt i drøftingene fram til februar neste år. Vi konstaterer at seterdrifta er godt representert i arbeidsgruppa, Jorunn Hagen, Øyer og Åshild Dale, Norddal er engasjerte seter-

brukarar –likeens Jorunn Haugland Støen fra Folldal som møter som observatør fra styret i TINE Øst. Gjermund Stormoen er TINE BAs representant i arbeidsgruppa.



*Å i musikalsk
stølsoppleving til jul!
CD-en "Sæterlandet"*

Musikk: Ingvar Bøe
Opplesing: Asbjørg Rørstad
Kr. 160,-
Tlf. 70259229 E-post: aashildd@online.no

Landets eldste fellessetter i Ål i Hallingdal

I siste utgåva av ”Norgesfor-avisen” les vi om det som skal vera landets eldste fellessetter – Hevjanåsen Sambeitelag i Ål i Hallingdal. Fellessetre av ulike slag er ein viktig del dagens seterdrift, over 40 % av dei som i mottek setertilskot deltek i fellessetre. Sør-Trøndelag og Møre og Romsdal er dei store fellessetter/fellesbeite-fylka, der etableringa av slike fellestiltak var særlig omfattande i 1970-åra. Planlegginga av fellessetra på Hevjanåsen starta allereie i 1949, med Småbrukarlaget, Landbruksøkonomisk institutt og fylkeslandbrukskontoret engasjert, og eit par år seinare var fellessetra i drift. 14-15 bruk var med i laget i starten, dei fleste små bruk som måtte ha areala heime til vinterfor, og somme av dei hadde ikkje støl frå før. Dei første par åra vart det mjølka i leigd fjøs, men i 1952/53 bygde laget eige fjøs. Det har jamt vore om lag 60 kyr på stølen, sist sommar 8 buskapar med frå 5 til 13 kyr – i alt 63 kyr. Dei har 600 da inngjerda beite, fjellmark, gammal setervoll og oppdyrka myr. Området er delt i 4 dagbeite og 3 nattbeite, med el-gjerde basert på solcellepanel. 80 tonn mjølk blir levert frå fellessetra, og dei beste kyrne mjølkar godt 36 liter om dagen. Første røktaren var på stølen 25 somrar. Eivind Grøslandsbråten, som var røktar sist sommar, hadde da 8. sesongen på Hevjanåsen. Resten av året er han freelance avløysar, og fortel til avisat at han gler seg kvar vår til ny sesong på fellesstølen.

Frå hulling til SMS

Same avisa skriv og om eit møte med Randi Kværnerud Stein på Trettestølen, 1000 m.o.h. Mange bruk i Hallingdal er nøydde til å bruke stølen, og Randi har utsikt til seks stølar som er i drift. – Vi er avhengige av stølen, og synes også det er fint å halde tradisjonene vedlike, seier ho. Men budeiene hollar ikkje til kvarandre lenger, det går på SMS!

211 setre nedlagt sidan i fjar!

Foreløpige tal frå Statens landbruksforvalting viser at talet på bruk med ”sæterdrift alene” gjekk ned frå 1289 i 2002 (som var ein liten auke frå 2002) til 1078 i 2003. Dei foreløpige tala viser elles at 1917 bruk får tilskot til setring i 2003, mot 2343 i 2002. Omrekna til ”hele sætre” er attendegangen frå 1530 i 2002 til 1277 dette året. Reduksjo-

nen i talet på enkeltsetre i drift utgjer neste 16,4%, medan bruk som nyttar fellessetre er redusert frå 1054 til 839, nesten 20,4%. Som vi har vore inne på før, så finst det nok nokre fleire setre i drift – som ikkje tilfredsstiller reglane, eller som rett og slett ikkje har søkt. Men tala er alarmerande, men kanskje ikkje uventa. Den sterke luten som no blir bruka

for å omstrukturere mjølkeproduksjonen gir resultat! Går vi nærmare inn på korleis seterdrifta kjem til syne i Statens landbruksforvalting sin statistikk, så ser ”seterlandet” slik ut pr. 31.7. 2003 – foreløpige tal med grunnlag i søknadane om setertilskot

Tal bruk	Tal setre
1 (enkeltseter)	1078
2 medlemmer	101
3	134
4	129
5	137
6	95
7	47
8	99
9	8
10	44
11	36
12	9
Totalt	1917
Omrekna til ”hele setre”	1277

- Og slik har utviklinga vore sidan 1995:			
År	Bruk som fekk tilskot	Enkeltsetre	Omrekna til ”hele setre”
1995	2608	1618	1826
1996	2608	1622	1881
1997	2820	1575	1831
1998	2807	1552	1816
1999	2721	1466	1738
2000	2620	1403	1673
2001	2339	1284	1518
2002	2343	1289	1530



”Følg budeia til Synnfjell”

var tittelen på et oppslag i Hamar Arbeiderblad i august, der det blir spurt: hva med å følge sporene til budeia i sommer? Og anbefalt blir en fottur til sætrenene på Synnfjell, og vi sakser litt fra artikkelen: ”Fra sætra Klokkarli til Tangen, videre til Stuveli, Rotvollstolen, Ølsjøli og Feplassen er en ny fotturrute skiltet og merket. Denne turen går gjennom de viktigste sæterområdene. Fra Fepllassen er det merket ruter mot Fjellsetra og Spåtind.

Fjernsætring

Turen til Fepllassen har mange minner om tidligere tider og flotte naturopplevelser. Men ruta har og nære bånd ned til gårder på Toten. I om lag 200 år, fra

1750 til 1950, kom det store fedrifter fra flatbygdene til beitemarkene og sætrene i Land og Valdres. Hver vår pakket budeia og hennes stab niste til tre måneders opphold, sengeklær og medisiner til dyra. Turen fra Mjøs-nære gardsbruk på Kapp til Synnfjell tok tre til fire dager. Det var nok deilig for både folk og fe å komme fram til stølen. Fjernsætringsstølene hadde langfjøs med plass til kanskje 24 eller 36 kyr.

Fra Land til Toten

Når jernbanen kom for 100 år siden ble det enda mer fart i fjernsætring og kvegtransport. Med togene på Skreia, Gjøvik- og Valdresbanen ble krøtter fra Toten frakta i kvegvogner til Synnfjell. Om

høsten ble drektige kuer fra gardbrukerne i Land frakta med toget ned til Toten for vinterforing.

Hytteutbygging

I Synnfjellet kan du fortsatt finne et levende stølsliv. Noen lokale gardsbruk utnytter fremdeles setra i sommerhalvåret. Nordrumsetra og Fjellsetra produserer blant annen ost og rømme for salg. En av årsakene til den nye satsinga på sæterstølene er hytteutbygginga på Synnfjell. Nå er det ikke fjernsætring som skal lokke folk utenombygds fra over fjellet, men hyttekjøp. Totalt skal det legges ut 1000 hyttetomter i hele Synnfjell, ca. 500 av dem skal ligge i Nordre Land.”

Stølskonferansen på Beitostølen

Norsk stølsdrift på Unescos verdensarvliste?

Forslaget om å få norsk stølsdrift inn på Unescos verdensarvliste og diskusjonen om økonomiske virkemidler for å styrke seterdrifta var vel de to tema som løfta stemninga og skapte litt temperatur under stølskonferansen på Beitostølen 4. og 5. september. Nøkkelord for konferansen, som samla om lag 150 deltakere, var utvikling – kunnskap – nettverk – inspirasjon – samarbeid, og det var særlig de felles utfordringene og mulighetene landbruket og reiselivet har som sto i fokus.

Norsk stølsdrift ble satt inn i et større perspektiv gjennom foredrag om seterdrift i Østerrike og Sverige, og vi fikk illustrert at Norge er et ”nøkkeland” for stølsdrifta. I Sverige fins bare 200 fåbodar i drift, og av de er det mjølkeproduksjon på bare om lag 50. I Østerrike er det langt fleire setre i drift, og der er satsing på setrene som reiselivsprodukt sentralt. Det faktum at 12-13 prosent av mjølkeprodusentane i Norge har kyr eller geit på ei eller anna form for seter – og at en finner aktiv seterdrift både i fjord- og fjellbygder – gjør norsk stølsdrift spesiell. Gjennom sekvensen ”Eksempeltorget” fikk

deltakerne møte mange eksempel på stølsdrift – bl.a. gjenopptaking av drifta på gamle støler, stølsdrift som del av kostnadseffektiv mjølkeproduksjon, samarbeidstiltak, stølsdrift og reiseliv, agronomi, turisme og lokal foredling og stølsdrift som regionalt satsingsområde og regional næringsutvikling. Og under gruppearbeidet, i ”kokehuset”, der deltakerne ble samla i fylkesvise grupper, ble grunnlaget lagt for utvikling av nettverk og konkrete samarbeidsprosjekter.

Norge skal bli et ledende land når det gjelder setring

sa statssekretær Leif Helge Kongshaug i sitt innlegg. Statssekretæren i Landbruksdepartementet tok fram en rekke positive faktorer ved seterdrifta og holdt fram at Norge bør stå fram som et nøkkeland for stølsdrift. Han la vekt på det særegne ved driftsforma, kvinnene sin sentrale rolle, ei driftsform som hindrer gjengroing og sikrer biologisk mangfold, ei driftsform som byr på lokal kultur og lokal mat, gir grunnlag for ny nettverksbygging og er ei driftsform som skaper helse og trivsel. Kongshaug plasserte stølsdrifta sentralt i det flerfunksjonelle landbruket som kjennetegner fjord- og fjellbygdene våre, og mente dette er et landbruk som har muligheter internasjonalt.

For å lykkes med dette trengs det nasjonalt handlingsrom for landbrukspolitikken, sa Kongshaug.

Slik signaliserte statssekretæren at en har ambisjoner for seterdrifta i Norge, også i et internasjonalt perspektiv. Men han ga ingen signal om friske penger til ei slik satsing. Kongshaug holdt fast ved at det er rett å avvikle setertilskuddet som nasjonalt virkemiddel. Dette skal erstattes av regionale midler, og prioriteringene skal gjøres regionalt. – I flere innlegg, både fra paneldeltakere og folk i salen, ble det uttrykt uro over at dette kan føre til at setre kan bli uten disse pengene, som har vært en viktig stimulanse for seterbrukerne.. Prioriteringene kan lett bli forskjellig fra fylke til fylke, og flere uttrykte at de nasjonale ambisjonene som Kongshaug ga uttrykk for, naturlig også burde følges opp med nasjonale økonomiske virkemidler. Også miljøverndepartementet ble utfordra av folk i salen, som mente seterbruket bidrar med fellesgoder for alle som ferdes i fjellet – og det ble fremma et forslag til uttalelse fra konferansen der en bl.a. ba om et setertilskudd på 30.000 kroner. Initiativet kom fra ordførere i ”seterkommuner” – og fikk umiddelbart støtte fra mange konferansedeltakere. Forslaget ble senere omformet til (presentert på annet sted i bladet), men signalet konferansen ga om at seterdrifta nå må få et skikkelig handslag var ikke til å ta feil av. Dette temaet fikk forresten temperaturen i diskusjonen til å gå opp noen hakk – under en konferanse som ellers var preget av stor enighet.





Foto: Arvid Gjelten, Bondebladet.

Sør-Trøndelag sin delegasjon på stølkonferansen på Beitostølen i september. I gruppesamlinga – kalla ”Kokehuset” - vart det bestemt å invitere til setertreff i Budalen i pausen i elgjakta (!), og med gjennomføringa av denne samlinga har ein teke eit viktig steg for å styrke seterdrifta i fylket. Planane framover er mange, m.a. setertreff, seminar, studietur, initiativ til analyse av økonomien i seterdrifta (med hjelp av NILF eller andre). - På biletet har vi fremst på steinen Bente Kaasen Enlid frå Budal i Midtre Gauldal , bak frå venstre Ragnhild Grendal frå Meldal, Kjersti Kosberg Digre frå Singsås i Midtre Gauldal, Martin Grendal frå Meldal, Per Odd Volden frå landbruksforvaltningen i Oppdal kommune, Eli Røjhell frå Oppdal, Johan Sandberg frå landbruksavdelinga hos Fylkesmannen i Sør-Trøndelag, Kari Mette Elden frå Sør-Trøndelag Bondelag, og Aril Røttum frå landbruksforvaltninga i Midtre Gauldal kommune.



Foto: Arvid Gjelten, Bondebladet.

Engasjerte støttespelarar for seterdrifta
Leiar i World-Watch Institute Øystein Dahle, heldt eit engasjert foredrag
på konferansen.
Kari Bay Haugen, NRK, leiar i juryen for seterpisen som vart utdelt
under Bufarhelga.

Jeg vil fokusere på aktivt landbruk og aktiv seterdrift, for det er ved å drive en aktiv utvikling basert på landbrukets mange muligheter vi kan klare å opprettholde kulturlandskapet på stølsområdene, og dermed også det biologiske mangfoldet av arter som lever i disse biotopene.

Opphør av setring er en hovedtrussel mot bevaring av seterlandskapets verdier. I dag er seterdrift mye mer en tilleggsfør.

Seterbruket gir oss:

- *Et landskap med rike opplevelsesmuligheter*
- *Et særpreget biologisk mangfold*
- *Bygninger og andre kulturminner av høy verdi*
- *Et stort antall reiselivsprodukter med spesielle kvaliteter*
- *Spesielle matprodukter*

I motsetning til de fleste andre europeiske land har vi enda igjen sterke setermiljøer her i landet. Norge har derfor et særlig ansvar for, også i internasjonal sammenheng, å ta vare på verdiene i seterlandskapet. For å klare dette må vi utnytte mulighetene som dagens samfunn gir oss. Vi må ta utgangspunkt i ressursgrunnlaget og tilby unike produkter. Produkter som tilbys i et lokalt, regionalt eller nasjonalt marked. Matprodukter, opplevelsesprodukter, produkter til helse- og omsorgssektoren - mulighetene er mange!

Statssekretær Leif Helge Kongshaug på stølkonferansen på Beitostølen

Miljøvernministeren til støls


Tidleg i haust var miljøvernminister Børge Brende på synfaring innover Geirangerfjorden og på Herdalssetra i samband med søknaden om verdsarvstatus for vestnorske fjordlandskap. Basis for ein slik status er dei vedtekne og føreslegne landskapsvernområda i Nærøyfjorden i Sogn og Fjordane og Geiranger-Herdalen landskapsvernområde i Møre og Romsdal. Dette er område som også omfattar spennande stølslandskap, også stølar i full drift. Såleis kan setre

vera på Unesco si verdsarvliste alt i 2005. - Jostein Sande guida ministeren og følgjet til seters, der Åshild Dale tok i mot med ytterlegare orientering om både seterdrift og aktuelle miljøutfordringar. Og sjølv sagt var det eit fint høve til å informere Brende om landbruket sine utfordringar generelt og seterdrifta spesielt – og han vart gjort grundig kjent med arbeidet i Norsk seterkultur. Tilbakemeldingane fra Brende var svært positive, og han har utvilsamt stort engasjement


for den norske fjellheimen sine mangfaldige verdiar. Med si sterke tilknyting til seterdalar i Oppdal, er det grunn til håp om at han også vil vera lydhør for argumenta for å styrke seterdrifta. NSK vil intensivere arbeidet for å få miljøstyresemaktena sterke inn i arbeidet for seterdrifta. Stikkord er kulturlandskap, friluftsliv og biologisk mangfald, verdiar som ei aktiv og omfattande stølsdrift er sikraste garantien for.



– og sjølv sagt vart det slått eit slag for både lokale mjølkeprodukt og Tine sine ostar. Foto: Matthias Øvsteng, Norsk Kulturav.



Setra er også ein internasjonal møteplass. Naioloke Shilunga fra Namibia, fredskorpsar knytt til eit program som Utviklingsfondet organiserer, fekk besøk av miljøvernministeren i fjøset.



Sætrar under tinderad

- boka om sætrane i Velledalen i Sykkylven
- Pris kr 350,-

Boka kan tingast hos:

Sissel Brunstad, tlf. 70250784
Kari Hjorthol, tlf. 70250783
Adresse: 6220 Straumgjerde
epost: sissel.brunstad@norpost.net

Ved forsendning kjem porto i tillegg.

Sætrar under tinderad

"Sætrar under tinderad" er boka om sætrane i Velledalen i Sykkylven og kjem ut no i november. I dalar omkransa av dei mektige Sunnmørsalpane ligg sætrane som boka handlar om.

Boka tek for seg historia til og sætrelivet på desse sætrane så langt attende ein kan dokumentere. På ei av sætrane som for lengst er nedlagd og tuftene attgrødd, kan ein dokumentere sætring like attende til 1200-talet. Men størsteparten av boka handlar om sætrane og sætrelivet fra 1920-åra og framover.

Stoffet i boka er så langt råd basert på direkte overleveringar fra dei som sjølve opplevde sætringa. Det er først og fremst budeiene som fortel sætrehistoria, men også karane har sine historier. Mange skriv sjølve, andre har velvilleg fortalt og gitt opplysnigar om sætrane, livet og arbeidet der.

Sætretausene fortel om kvardagslivet på sætra, om små og store hendingar, om det sosiale fellesskapet mellom sætretausene, om helgelivet med skyving og moro, om godbitane i mjølkespanna heimafrå, om overtru, og ei og anna meir dramatisk hending. –Eit strevsamt, men lukkeleg liv, som ho seier ei av sætretausene. Karane fortel

om gjætarlivet, om karaarbeit som fylgde med sætringa, om stølsslåtten m m. Vi får gode råd for korleis ein skulle få kyrne heim til mjølking, vi får historia om kua som gjekk seg gjennom snøbreen, om den tilårskomne skyvja som vart grundig lurt av sætretausene, La-Eljas som berga turhøyet takka vere huldra.....Historiene er mange, og det var på høg tid dei vart samla og nedskrivne.

I tillegg er der også artiklar om juridiske forhold knytte til sæter, sætehamn og utmark. Reiskap og anna utstyr, sætrekost og kunsten å ete åfallrengje (rjomekolle), dialektuttrykk og sætrane i kunsten er også tema i boka.

Boka er rikt illustrert med fotografi, både av eldre årgang, og nyare fargefoto. Her er også fine teikningar av sætrane slik dei var tidlegare. Ikkje minst viktig er oversiktsbileta over sætrane og sætrehamna, der stadnamna også er tekne med. Gjennom denne boka ynskjer utgjevaren Velledalen Sogelag å hylle alle dei som har lagt ned ein stor og trufast innsats på sætrane våre. Ikkje minst viktig er det at framtidas generasjonar får kjennskap til denne viktige delen av den felles, nære fortida vår.

Oddveig og Inge Eggen fekk seterprisen



Årets seterpris gikk til Oddveig og Inge Eggen fra Os i Østerdalen. Det er Selskapet for Norges Vel som har etablert denne prisen, og utdelinga gikk for seg under Bufarhelga i Valdres i september. Prisen går til personer eller bedrifter som har gjort en stor innsats for seterbruk og seterkultur, og i år var det lagt opp til at det særlig skulle fokuseres på samarbeid seterbruk og reiseliv. Årets jury besto av Kari Bay Haugen, Norges Vel/ NRK, Svein Erik Ovesen, Norges Reiselivsråd og Bjarne Undheim, Norges Bondelag. - I begrunnelsen for årets tildeling har juryen lagt vekt på

at Oddveig og Inge Eggen har restaurert en forfallen støl og beiter til næring basert på tradisjonell seterdrift og reiseliv. Enkelte av bygningene var i så dårlig forfatning at bare 30% var brukbart. Den omfattende restaureringen kvalifiserte til Fortidsminneforeningens pris i 1992, og setra framstår i dag både som tradisjonell støl og et godt reislivsprodukt med plass til mange gjester.



48 ungdomar med på Grønt Spatak

I år deltok i alt 48 ungdommer på Grønt Spa'tak, halvparten arbeidde på seter, andre halvparten gikk beitetilsyn i områder med rovdyr. Hanna Østby Stub i Natur og Ungdom kan fortelle om gode tilbakemeldinger, ungdommene har trivdes og gitt uttrykk for at de har lært mye. Mange har fått bedre innsyn i rovdyrdebatten. De som har deltatt på seter har fått oppleve hvordan det er å drive ei seter i dagens samfunn; at det er mye arbeid, men også at det er viktig for kulturlandskapet og matproduksjonen i landet vårt. Det virker som at alle har hatt en god opplevelse i nærhet med naturen

og ressursene, og at de har fått et positivt inntrykk av desse sidene av norsk landbruk, sier Hanna Stub Østby. Hun forteller at alle som har sendt inn evalueringsskjema har gitt uttrykk for at en må fortsette å arrangere Grønt Spa'tak også i åra som kommer – og det håper vi at vi kan gjøre.

Setrene som hadde "spatakister" denne sommeren var Myrefjell seter i Nummedal (fellesseter for kyr), Seåsen seter i Rennebu i Sør-Trøndelag, Renndølsetra i Innerdalen på Nordmøre, Skjelstølen ved Beitostølen (geit), ei geiteseter på Tretten i Øyer kommune, ei seter med kyr i Aust-Torpa og

Storstusætra ved Atna. Disse setrene har forskjellig driftsopplegg, noen driver bare mjølkeproduksjon med leveranse til meieri, andre kombinerer drifta med relativt omfattende turisme og lokal foredling av mjølka. På ei av setrene fikk ungdommene stiftet bekjentskap med prosjektet "Friskere geiter", et prosjekt som skal gi oss en bedre helsetilstand i geitebuskapene. Og på en annen seter er det økologisk drift. Beitelagene som hadde ungdommer på beitetilsyn finner vi i Hattfjelldal i Nordland, Atnlien i Hedmark, Heidal i Oppland, Sagfjord i Nordland og Lesja i Oppland.



Liv Gunnvor H. Backman (t.v.) og Cecilie Nordgard Ottem, fornøyde "spa'takister" som fikk prøve seg på setra Seåsen på Nerskogen i Rennebu, hos Ragnhild og Martin Grendal.

Fire månader på stølen

Vi flyttar på stølen allereie kring 25. mai, så snart det er grønt i skreene ovanfor stølen. Framleis er det berre grått kring stølshusa, men geitene veit å finne dei verdfulle urtene som kjem først oppe i liene. Dei fire månadane på stølen er heilt avgjerande for drifta vår. Det er Turid Horpedal i Sogndal som seier dette. Saman med mannen Svein Selseng driv ho gard på Selseng fremst i Sogndalsdalen. Garden omfattar kring 100 dekar innmark - og dei har om lag 100 geit og 70 vinterfora sauherd. Turid og Svein driv eitt av dei fem brukar som har geit på den kjende Anestølen.

Anestølen ligg 400 m.o.h. - 3-5 km frå dei gardane som stølar der. Kvart bruk har 90-100 geit, som blir mjølka i kvar sine fjøs. Dei har elektrisk straum, noko som gjer drifta enklare - også med tanke på foredling av mjølk på stølen. Geitene beiter litt på inngrjerdar område om våren før det ber til støls, medan dei går inngrjerdar på innmark når dei kjem heimatt om hausten. Vi let dei få ut

på "luftetur" så mykje som råd. Sjølv om dette dalføret er kjent for store snømengder og lang vinter, så fører dette opplegget til at geitene får nyte mykje uteliv.

Det er 3 km bomveg fram til stølen, slik at tankbil kan hente mjølka. Litt blir foredla på stølen, men det meste går til Tine Meieriet Vest sitt anlegg på Byrkjelo. Konsentrasjoner av geithald i denne delen av fylket er elles særleg å finne i Veitastrond og Jølster. Mange turistar finn vegen til Anestølen, og det er ope for servering to dagar i veka.

Turid Horpedal fortel at dei foredlar noko av mjølka på stølen, men held fram at det lett blir store bygningsmessige og tekniske kostnadar når ein skal tilfredsstille krava frå næringsmiddeltilsynet. Det er trass alt berre ein sesongproduksjon, men dei arbeider likevel med å få godkjenning på stølsysteriet sitt. - Vi kjenner elles Turid som "foredlar" av skinn av geit og kje, materiale som blir til nydelige plagg både for liten og stor.

Under stølskonferansen på Beitostølen i

september samlast deltakarar frå Sogn og Fjordane, Møre og Romsdal, Hordaland og Rogaland til gruppe-arbeid (i "kokhuset"), og Turid er med i den gruppa som skal førebu eit nettverksamrbeid mellom stølsbrukarar på Vestlandet. Ho er oppteken av at stølane på Vestlandet er ein særmerkt del av norsk stølsdrift, og ho understrekar dei felles utfordringane stølsbrukarar i fjordfylka har. Ho ser det som viktig at ein no kjem på bana for å kjempe for økonomien i denne driftsforma - også i denne delen av landet. Det er viktig å sikre at tilskotet til denne næringa ikkje fell vekk, når det nasjonale setertilskotet blir lagt inn i eit regionalt miljøprogram. Såleis har ho alt engasjert seg overfor faglag og landbruksavdelinga i fylket – og fortel at ho møter mykje positiv velvilje for å satse vidare på seterdrifta.



Frå Anestølen.

Forma av fjellet og stølen

I årboka til Den Norske Turistforening 1939 finn vi ein artikkel med tittelen "Valdrissen". Her fortel Torstein Høverstad utførleg om folket i Valdres, korleis dei er forma av naturen og folkelagnaden – og "framum alt er valdrissen merkt av fjellet". Vi saksar litt av denne fornøyelige artikkelen:

- "Det som har forma sjælelivet i valdrissen sterkest, er fjellet og det livet som knyter seg til det. Dette er det difor han sist gløymer, og som sterkest bind honom til Valdris. Let han augo att, ser han ljos livande for seg fjella, sumarstølen, leikeplassane, buskapen, mor som steller i sælet, fortel um skrymt

og haugfolk, høyre leksa, eller lærer ein kveldsbøna; eller far som kjem heim på Syne laurdagskvelden, når ein er mest or venten og skal få møta og rida. Kviskra inn i øyra på ein gråhærd, sovande valdris midt inni storbyen eller på preria: "No kjem far heim på Syne!" Han vil spretta upp og ropa: "Mor, kor er pløgge mine!"

Frå dette samlivet med natura på fjellet – med mor som centrum – veks sjælsstyrke som varer livet ut. Mor veit der var hennar beste tid. Småguten vil ein gong vita det. Det skal ovende mykje skulelærdom til å vega upp 12-14 slike fjellsumrar i ungdomen.

Dersom ein då reknar sjæleleg friskleik og evna til sann livskunst for hovudsak. Den som eig noko givnad til å analysera sitt sjæleliv, vil vita kor mykje han har frå fjellet. Det siste som bleiknar i minnet når kveldskuggen slører livsdagen, er fjellet som glitra over barnelukka.

Eit hovudbod i helse-katekisma for Valdris – sjæleleg og økonomisk lyder difor: Heidra fjellet, far din, med stølar, buskap, born og kvende på fjellet um sumaren, og vegar som ber mjølka heim til meieriet i dalbotnen, at det må gå deg vel på likam og sjæl, og du må lenge liva i Valdris."

Det likeste med livet – somrene på setra

Nylig var det stor fest med hæla i taket på Øvre Vang Samfunnshus, ei velkjent seterbudeie, Olette Rosenberg, feira sin 100 års dag med nær 100 innbudte gjester. Vi har fått utklipp fra Hamar Arbeiderblad, der Olette forteller fra et aktivt liv. Hun vokste opp på en av Blystad-gardene i midtre del av Vang-bygda, og som vanlig var på den tida måtte hun fra konfirmasjonsalderen hjelpe til i hus og fjøs hjemme på garden.

Fra 15 års alderen var hun fast budeie hver sommer på Haugsætra i Vang Almenning, en trivelig jobb hun hadde i 30-40 år og som hun ser tilbake på med stor glede. Jobben som seterbudeie var fysisk hard med opptil 25 mjølkekryr å ta seg av, kinning av smør og ysting av ost – og så multeplukking, men det var et sommerliv hun ikke ville unnvære.
— Jeg ville heller være i fjøset enn inne i stua jeg, og ville heller lage mat til dyra enn til folk, skratter og ler Olette Rosenberg. Hennes innsats som seterbudeie er forresten godt og viden kjent i Vang, og for seks år siden var det et større intervju med henne i Vang historielags årbok om seterlivet. Og spør du Olette i dag hva det likeste med livet har vært, så svarer hun somrene på setra — og familien.



Det er viktig å ha godt humør og se lyst på livet, forklarer Olette Rosenberg. Og for å bli 100, hjelper det godt med et langt liv som seterbudeie i Vang-almenninga.

Foto: Olav Hansen, Hamar Arbeiderblad.

Geitmjølk mot høgt blodtrykk...

At geitmjølk er meir enn mat, er noko vi som drikker geitmjølk og et mykje geitost har visst lenge ... og frå eldre folk kjenner vi utsegner som at "det var geitmjølka som bærga oss da Spanska herja"! - "Geitemelk er mer enn kumelk med rar smak. Mye tyder på at den er bakteriehemmende, virker forbyggende mot høyt blodtrykk og kan drikkes av melkeallergikere". Dette les vi på nettstaden forskning.no. Journalist Ingrid Spilde intervjuar professor Gerd Vegarud på NLH, som fortel at geitmjølk innehold tre gonger så mykje lactoferrin som kumjølk – og det er dette stoffet som har antimikrobiell verknad.

No blir det forska på innhaldet i geitmjølka, med tanke på å lage konserveringsmiddel av dei delane av mjølka som er bakteriehemmende.

Og som om ikkje dette var nok, Vegarud fortel også at nyare forsking viser at geitmjølk ser ut til å motverke høgt blodtrykk. Forskarane meiner mjølka kan bli ein kombinasjon av mat og medisin, og at det alt no finst ein ost i Finland med høgt innhald av bioaktive peptider, stoff som senkar blodtrykket. – Samtidig blir det forska på geitmjølk i høve til allergi. Det er kjent at mange med mjølk-allergi tåler geitmjølk, men ein veit ikkje nok om dette – og kanskje kan mjølka frå norske geit vera særleg bra? – På same nettstad er det også ein artikkel om "Sære geiter i annerledeslandet", der utgangspunktet er at fire av fem norske geiter produserer mjølk som det er vanskeleg å laga kvitost av. Professor Gerd Vegarud fortel at dei no kartlegg genene som kodar for proteinene i mjølka til dei norske geitene. 80 prosent av geitene våre produserer berre tre av fire proteintypar som vanlegvis finst i geitmjølk, og dei såkalla O-geitene manglar eit kasein som er viktig for at ostemassen skal bli fast og fin. Den lause ostemassen frå mykje av den norske geitmjølka sette forskarane på tanken om at denne mjølka kanskje kan ha spesielle eigenskapar som kan føre til nye bruksområde. "Hvis O-geitemelk virkelig har et fortrinn i forhold til kumelk og utenlandske geitemelk, kan den norske killingdrikken bli et verdifullt tilskudd i kosten til barn og eldre som vanlegvis har problemer med å fordøye melkeprodukter".



Høring

Utkast til forskrift om tilskudd til spesielle miljøtiltak i landbruket og forskrift om tilskudd til nærings- og miljøtiltak i skogbruket er ut på høring, med uttalfrist 11. desember. Saka gjelder overføring av midler og forvaltning til kommunene på flere områder, bl.a. STILK. Dette er viktige tiltak for den delen av landbruket som driv seterdrift, og er avgjørende for innsatsen knyttet til kulturlandskap og biologisk mangfold. Norsk seterkultur er høringsinstans, og vi vil gjerne ha innspill til utforminga av vår merknad til utkastet til forskrift. Dokumentet er å finne på Landbruksdepartementet si nettside – og vi har også lagt det ut på www.seterkultur.no

Höstattankar

Frå Gävleborgs fäbodförening har vi fått eit innhaldsrikt "brev" – "Höstattankar" - som inneholder aktuell informasjon om det som skjer innan seterdrift, beitebruk, rovdyrspørsmål, småskala matforedling m.v.. Vi legg det innhaldsrike brevet ut på www.seterkultur.no. Frå Sverige veit vi elles at spørsmålet om riksorganisasjon har vore til utgreiing – og at avgjerd truleg blir teke på eit møte i Hede 26. november. Vi kjem attende til dette møtet i neste Seterbrukaren.

Tiltak for å styrke setring

som det heter i Jordbruksforhandlingene 2003 – Sluttpunkt fra forhandlingsmøte 15.05.03, blir fra 2005 overført til regionale miljøprogram. Dermed er tilskuddet til seterdrift avvikla som nasjonalt virkemiddel, noe som reiser nye utfordringer for seterbruket. Den nye regionale virkemiddelpakka blir etablert ved å overføre bevilningsrammene til ordningene Tilskudd til seterdrift med melkeproduksjon, Tilskudd til dyrking av for i fjellet, Driftsvanskets tilskudd for brattlendte bruk, Tilskudd til organisert beitebruk, Tilskudd til endra jordanbeiding og Fylkesvise midler til informasjons- og miljøtiltak. - Det heter at disse ordningene fjernes, men formål med miljøvirkning videreføres på regionalt nivå. – Dokumentet er å finne på LDs nettside, men også på www.seterkultur.no, og det er nå viktig at alle med interesser for seterdrift engasjerer seg for å påvirke utforminga av disse fylkesvise miljøprogramma. Norsk seterkultur vil sjølsagt prioritere dette arbeidet – gjennom kontakt med faglag, landbruksavdelingene i fylka, fylkeskommunale myndigheter og andre som vil ha innflytelse på de prioriteringene som skal gjøres.

Gjetartradisjonar i Noreg

er tittelen på ei bok som Dagfinn Drablos har skrevet. Mange kjenner Drablos fra den tida han var generalsekretær i Norsk sau og geitalslag, og i boka auser han av stor kunnskap om emnet, både om den fjerne historia og dagens utfordringar. Han fortel om ein arbeidskultur med djupe røt i natur og folkeliv, om kor titusenvis av born hadde ansvarsfulle oppgåver i å passe på buskapane, og han har med fleire samtalar med folk som har opplevd gjetarlivet både som born og vaksne. I omtalen av dagens situasjon kjem Drablos sjølv sagt også inn på dei utfordringane som rovdyrpolitikken skaper. Boka er på 240 sider, er rikt illustrert, og inneholder mykje spennande og interessant for alle som er opptekne av beitbruk i vid tyding.



Bøsetra i Lesja – med historie tilbake til 1700-talet.

Fylkesmannen opna seterysteri i Sunndal



Fylkesmann Ottar Befring sto for opninga av seterysteriet i Torbudalen. Befring besøkte same helga Gammelsetra i Grøvudalen, der det tradisjonsrike Grøvu-stemnet vart arrangert

Ottar Befring, Fylkesmann i Møre og Romsdal, sto for den offisielle opninga av eit seterysteri i Torbudalen i Sunndal. Opninga, som gjekk føre seg 3. august, vart markert ved at Befring fyra opp under den første ostegryta i dei nye lokala. Det er Stein Brubæk, seterbrukar på Torbuvollen i tre år, som står bak tiltaket. Han leiger eit fjøs i denne tradisjonsrike seterdalen, og har no bygd ny seterbu med eige ystelokale - godkjent av Næringsmiddeltilsynet. Garden hans ligg i Angvik i Gjemnes kommune, heile sju mil unna setra.

Gardsdrifta er basert på ku av STN-rasen og geit, 4 kyr og 20 geit, og all mjølka blir foredra på garden eller setra. Neste år er det meininga at buskapen skal vekse til 6 kyr og 30 geit. Det er også arbeid i gang med eige gardsysteri. Stein driv garden og setra saman med Claude Goffeney, opprinnelig fra Frankrike. Setra Torbuvollen ligg ved vestgrensa av Dovrefjell-Sunndalsfjella nasjonalpark, langs høgfjellsvegen mellom Sunndal og Eikesdalen i Nesset kommune. Det er stor trafikk etter vegen, fleire merka turistruter i området - og om lag 300 hytter i dalføret. Såleis ligg det vel tilrette for sal av seterprodukt, og det meste av vår- og sommarproduksjonen går unna i løpet av nokre hektiske veker.



I denne nybygde seterbua er det nye ysteriet.

Det må passe godt med varme plagg no før jul

Tek imot bestilling på tlf. 57 67 99 39

Turid Horpedal

Torstad, 6856 Sogndal

A photograph showing a group of people, including children, standing outdoors next to a sheep. The text overlay includes a quote in Norwegian and contact information for Turid Horpedal.

Brev til landbruksministeren og miljøvernministeren

Seterbruket den beste garantisten for biologisk mangfold

Under stølkonferansen på Beitostølen var det svært mange som ønsket mer enn fine ord, og dette kom til uttrykk i et brev som er sendt til landbruksministeren og miljøvernministeren. Bak dette initiativet står Fjellregionsamarbeidet v/ styringsgruppa for nyskaping i landbruket – der Marit Gilleberg, ordfører i Tolga og Hans Einar Thompson, ordfører i Folldal er leder og nestleder, videre Norsk seterkultur v/ Jostein Sande og World-Watch Institute v/ Øystein Dahle. I brevet til de to statsrådene står bl.a. følgende:

- Som en oppfølging av stølkonferansen på Beitostølen vil vi nå ha nasjonal fokus på seterdrifta som den beste garantisten for biologisk mangfold. I dokumentene under årets jordbruksforhandlinger står som følger: Det er tiltakende gjengroing av kulturlandskapet over hele landet. Det er stort behov for økt satsing mot gjengroing. Dette foreslås løst gjennom fokus på tiltak innenfor områdetiltakskonseptet, hvor lokalbefolkningen, frivillige organisasjoner og bønder gjør felles innsats for rydding og skjøtsel av verdifulle områder. Det er vidt viktig at bondens innsats for å hindre gjengroing, synliggjøres lokalt, regionalt og nasjonalt.

Rundt en tredjedel av de truede artene i Norge lever i kulturlandskapet. Skal disse artene overleve, må det ekstensive landbruket fortsatt sikres eksistens. Miljøene ligger spredt rundt gårdsbruk, seterområder og i utmark over hele landet. Oftest er de knyttet til tradisjonelle utmarksbeiter, slåtteenger, seterområder og beitevoller.


Det er behov for en betydelig økning av oppmerksomhet og økonomiske virkemidler for å ta vare på den viktige rollen det ekstensive landbruket og seterdrifta har for biologisk mangfold.

Departementenes satsing og ord om ivaretakelse av biologisk mangfold, må derfor synliggjøres i direkte støtte for skjøtsels- tiltak til den enkelte seterbruker.

Vi ber om at dette finansieres med friske midler i regi av Landbruksdepartementet og Miljøverndepartementet og tas i forbindelse med statsbudsjettet for 2004.

Vi forslår et nytt skjøtselstiltak til ca. 15.000 kroner pr. seterbruk pr. år for å sikre biologisk mangfold og kulturlandskapet.

I dag har vi kun ca. 1400 seterbruk igjen i Norge - og nå må vi ta et krafttak nasjonalt, regionalt og lokalt, slik at vi sikrer kulturlandskapet og seterdrifta for kommende generasjoner.



*Geita
som kulturlandskapspleiar.
Foto: Stein Brubæk.*

Setertreff i Budalen

Sør-Trøndelag satser sterkere på seterdrifta

Den 7. oktober var starten for ei ny og sterkere satsing på seterdrifta i Sør-Trøndelag. Det første tiltaket var setertreffet som ble arrangert på museumssetra i Budal i Midtre Gauldal. I alt var det samlet 40 personer til treffet i det fine, men kalde høstværet.

Karoline Daugstad fra Senter for Bygdeforskning hadde et innlegg hvor hun pekte på at seterbruket i Norge har vært uhøyre viktig for landbruket opp gjennom tidene, men at dette har vært lite påkvet i norsk landbruk for øvrig. Som en av forklaringsfaktorene til dette, pekte Daugstad på at seterdrifta for det meste har vært kvinnenes domene, mens landbruket ellers har vært dominert av menn. Daugstad pekte også på at det er uhøyre viktig å forklare for omverdenen at seterbruket ikke kan drives uten et aktivt landbruk i landet.

Kalle Höglund fra prosjektet Fäbodriket i Jämtland og Härjedalen fortalte om de erfaringer en har hatt på andre siden av grensen. Svenske seterbrukere har mange av de samme utfordringene som norske seterbrukere. Han kunne gjerne tenke seg et samarbeid på tvers av grensen.

Setertreffet markerer at både aktive seterbrukere og landbruksforvaltningen i de største seterkommunene og fylkesmannens landbruksavdeling går sammen og vil sette et sterkere fokus på seterdrifta.

Målsettinga med arbeidet er tredelt; en vil for det første se på mulighetene for å øke inntjeningen i tradisjonell seterdrift, en vil også se på mulighetene for å skape ny virksamhet i tilknytting til setra og en vil også prøve å hjelpe de som ønsker å starte med seterdrift på nytt.

I arbeidsutvalget for setersatsinga ble Ingvild Fossan fra Oppdal og Bente Kaasen Enlid fra Midtre Gauldal pekt ut som representanter for seterbrukerne. Kommunenes landbruksforvaltning stiller med Per M. Langøien fra Røros, Knut Joar Krogh fra Holtålen, Aril Røttum fra Midtre Gauldal, Gro Aalbu fra Oppdal, Anne Polden fra Meldal, Jon Magne Rønning fra Rennebu og Johan Sandberg fra fylkesmannens landbruksavdeling, som også har en koordineringsfunksjon for det arbeidet som gjøres.

Et av de første tiltakene som nå vil bli forsøkt satt i gang er å lage en brukerundersøkelse blant seterbrukerne. I neste omgang kan det bli snakk om arrangere ulike kurs spesielt for seterbrukerne.

Bufarhelga i Valdres

veks i omfang. I år deltok kring 200 personar på sjølve buføringa, heimturen frå stolar i fjellheimen kring Valdres-bygdene. Eit tjue-tal stolar hadde tilbod til dei som hadde lyst til å vera med på heimturen frå fjellet. Turane varierer frå 4-5 km til over 2 mil mellom stol og gard. Også i år var Norges Vel prosjektansvarleg for Bufarhelga, som elles bau på arrangement på Beitostølen, Vaset og Fagernes. Det var tilbod på lokalt produsert mat og handverksprodukt, og mange nytta høvet til å oppleva – og smake – Landsstillinga for gardsost. Foto: Håkon Tysdal, Norges Vel.



Bli med i



Da er du med på å:

- fremme seterdrifta og seterkulturen
- legge grunnlaget for eit informasjons- og kompetanse-senter for seterkulturen
- skape eit nettverk og eit fagmiljø, for aktive seterbrukarar og andre interesserte

Du får Seterbrukaren 4 gonger i året.

Medlemskontingent 2003

Aktiv seterbrukar	kr. 250,-
Støttmedlem/abonnement på Seterbrukaren	kr. 150,-
Organisasjonar/institusjonar	kr. 400,-

Ja, eg vil bli medlem

- Aktiv seterbrukar
 Organisasjonar/institusjon
 Støttmedlem/tinging
 av Seterbrukaren

Navn:

Adresse:

Telefon:

Du kan også registrere deg seg medlem på våre heimesider: www.seterkultur.no

NORSK SETERKULTUR

6214 NORDDAL

Tlf.: 70 25 91 77
 Fax: 70 25 91 57
 E-post: seter@seterkultur.no
 Bankgiro: 2367 20 51 169



NORSK SETERKULTUR
6214 NORDDAL

Norsk Kulturarv
TA ET TAK 2004-2005
Støls- og setermiljø



Vil du vite mer?

BLI MEDLEM NÅ!

www.kulturarv.no



Den Norske Turistforening
formidler naturop-
levelser for livet. Derfor
samarbeider vi med
Norsk Seterkultur for
aktiv stølsdrift i et
levende kulturlandskap.

**Kraftførvalg til beite
er enkelt!**

Kvaliteten og tilgangen på betegrasset er
som regel best om våren og på forårssesongen.
Utover sommeren er det viktigst å holde stabilt kvalitet.
Faktorer som betstrykk og værforhold er da sentrale.

FORMEL		BEITENØKKEL		
Ytelse	Svært godt høste	Middels godt høste	Ugodelig høst/kunstrik	Lite høste
10 kg			1 kg FORMEL Faser 20	2 kg FORMEL Fiber
15 kg		1 kg FORMEL Faser 20	2 kg FORMEL Faser 20	3 kg FORMEL Fiber
20 kg	1 kg FORMEL Faser 10	2 kg FORMEL Faser 20	3 kg FORMEL Faser 20	4 kg FORMEL Fiber
25 kg	2 kg FORMEL Faser 10	3 kg FORMEL Elite	7 kg FORMEL Faser 20	5 kg FORMEL Fiber
30 kg	5 kg FORMEL Fiber	2 kg FORMEL Elite	9 kg FORMEL Faser 20	10 kg FORMEL Fiber
35 kg	7 kg FORMEL Fiber	9 kg FORMEL Elite		

Bensom mjølkesengden går ned, vrt du at det er på tide
å vurdere mengde og type kraftføl.

FORMEL

Økt lønnsomhet for bonden

Felleskjepet
www.felleskjepet.no



Mange av våre produkter har rot i stølskulturen
og vi støttar Norsk seterkultur
i arbeidet for denne driftsforma